

---

**Fra:** Vidar Mjøs <vidar-mj@online.no>  
**Sendt:** 30. mars 2017 14:32  
**Til:** Tore Johan Erstad; Ingrid Raniseth  
**Kopi:** 'Navar Eienedom'  
**Emne:** VS: Kvernbit fotballhall Fossemyra  
**Vedlegg:** Kvernbit idrettshall Fossemyra nabovarsel orientering 3003017.pdf

Viser til telefonsamtale, og vidaresender melding i dag til Olav Tore Fosse i Kvernbit.

Eg har bistått Kvernbit med utvikling av situasjonsplan og andre dokument i denne saka, men har ingen konkret avtale om å fronta ein privat reguleringsprosess.

Eg bisto i med prosjektering og reguleringsendring i 2000, og meiner kommunen bør sjå nærare på det som har vore gjort tidlegare.

Eg forstår det slik at naboane i byggjefeltet meiner hallen vert for høg og kjem for nær bustadtomtane. Det kan vera rom for å imøtekoma slike merknader ved å flytta hallen austover.

For meg er det heilt i orden om det vert henta inn hjelp frå annan konsulent som vil handtera saka etter kommunens opplegg. Mine arbeid i saka vert stilt fritt til disposisjon for andre aktørar.

Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg. 7B  
5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55 59 82 62  
mob 907 88 921

---

**Fra:** Vidar Mjøs [<mailto:vidar-mj@online.no>]  
**Sendt:** 30. mars 2017 12:06  
**Til:** 'Navar Eienedom' <[postmaster@navar.no](mailto:postmaster@navar.no)>  
**Emne:** Kvernbit fotballhall Fossemyra

Viser til melding frå Erstad i Meland kommune, og til telefonsamtale med orientering om gårsdagens møte.

Vedlagt følgjer utkast til nabovarsel / orientering, som kan sendast i løpet av dagen i dag (urekommandert).

Dette er det eg for min del kan bidra med.

Eg kan ikkje varsla og kunngjera at hallen krev reguleringsendring, at dette er ei privat endring, og at kommunen vil handsama dette som ei mindre endring, og varsla / kunngjera at eg skal vera adressat for spørsmål omkring dette.

Vilkåra for at hallen kan handsamast som ei mindre reguleringsendring etter delegasjonsregelen i pbl. § 12-14 er neppe til stades, verken før eller etter varsling.

Eg vil ikkje gå inn i ein varslingsprosess i tru på at ein først kan vedta ei «mindre» reguleringsendring administrativt, for etterpå å kunna bruka endringsvedtaket for å avvise klager i byggjesaka. Dette må handterast korrekt.

Men idrettslaget kan sjølv senda ut varselbrev og kunngjering, i samråd med kommunen. Mine skisser og dokument kan brukast, etter at logo og adresser er skifta ut.

Min råd er å spela med opne kort : antyda at reguleringsrammene kan vera avklara gjennom tidlegare offentlege planar og vedtak, og gå rett på sak, med felles varsel/orientering for byggjesak og eventuell plansak, og deretter : søknad om rammeløyve for hallen.

Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg. 7B  
5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55 59 82 62  
mob 907 88 921

Siv. ing. Vidar Mjøs  
Fabrikkg. 7B  
5059 Bergen  
[vidar-mj@online.no](mailto:vidar-mj@online.no)  
tlf 55 59 82 62  
mob 907 88 921